



Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 VOLDA

Vår referanse
19/18167 20/10812

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
19.06.2020

Insentivordning for å få studentar til å melde flytting til Volda

Kommunestyret har i møte 18.06.2020, sak 66/20, fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret vedtek utprøving av insentivordning for studentar som melder flytting til Volda kommune, med ei prøvetid på 3 år.
2. Insentivordninga gjeld studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, unnateke nabokommunar og kommunar i Sjustjerna.
3. Det vert avsett inntil kr 2,5 mill. til ordninga. Kostnader finansierast ved bruk av disposisjonsfond i 2020. Frå og med 2021 vert kostnaden finansiert gjennom forventa auke i frie inntekter.
4. Oppstart skal skje så snart det er praktisk mogeleg i studieåret 2020/2021.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å etablere og setje i verk ordninga.

Kommunestyret ber administrasjonen om å samkøyre insentivordninga retta mot studentar med Volda Næringsforum og planane som føreligg for etablering av Voldakortet. Dette vil omfatte etableringskostnader og eit beløp på inntil kroner 5 000 til studentar som melder flytting til Volda, unnateke studentar frå nabokommunar og kommunar i Sjustjerna.

6. Ordninga evaluerast etter prøvetida.

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Høgskulen i Volda
Studentparlamentet ved Postboks 500 6101 VOLDA
Høgskulen i Volda

Kopi til
Nina Kvalen

Vedlegg
Brev frå Studentparlamentet ved HVO av 180520: Innspel til saka om studentinsentiv for at studentar skal vere folkeregistrert i Volda



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
110/20	Formannskapet	09.06.2020
66/20	Kommunestyret	18.06.2020

Insentivordning for å få studentar til å melde flytting til Volda

Samandrag:

I denne saka gjer kommunedirektøren greie for inntekspotensialet som kan liggje i å få studentar til å melde flytting i folkeregisteret, ved å innføre ei insentivordning med t.d. aktivitetskort eller gåvekort på sykkel/utstyr.

Bakgrunn for saka er vedtak i kommunestyremøte 12.12.2019, sak 55/19:

1. *Kommunestyret ber administrasjonen i samarbeid med Høgskulen, om å kartlegge antal studentar som bur i Volda, som ikkje har folkeregistrert adresse i Volda.*
2. *Kommunestyret ber administrasjonen om å utgreie sak om studenttilskot eller tilsvarande ordningar, etter modell frå til dømes Bodø, Bø, Kristiansand, Stavanger, Ås og Ålesund.*
3. *Administrasjonen skal i samråd med KS utgreie økonomiske konsekvensar og potensial i ulike modellar.*

Studentane er ein ressurs for Volda, og kommunen har ei viktig rolle med omsyn til å stimulere og leggje til rette for auka trivsel for studentane. Innføring av ei insentivordning vil kunne stimulere til at fleire studentar melder flytting til Volda. Erfaringar frå kommunar med tilsvarande ordningar viser positiv utvikling i tal studentar som melder flytting. Kva type insentiv som vert nytta varierer og er m.a. busskort, nettbrett, kultur-/aktivitetskort, stipend og gåvekort til kjøp av sykkel/utstyr.

Volda kommune yter tenester til vesentleg fleire enn det vi får inntekter for gjennom inntektssystemet. Dette inneber at vi har utgifter til desse tenestene som vi ikkje får kompensert. I tillegg til at kommunen kan tilby studentane eit servicetilbod, vil innføring av ei slik ordning også gi kommunen høve til å utnytte moglegeheitene til å få auka inntekter. Inntekspotensialet må bereknast med ei rekke teoretiske føresetnader og bidreg derfor til ein vesentleg grad av usikkerheit. Med bakgrunn i dette har kommunedirektøren ønskje om å levere ein sak til kommunestyret som grundig belyser dei ulike sidene ved saka.

Iverksetting av ei insentivordning i Volda kan skje så snart det er praktisk mogeleg i løpet av studieåret 2020/2021, men føreset finansiering til gjennomføring av tiltak og ressursar til administrering av ordninga.

Kommunestyret 18.06.2020:

Behandling:

Høgre, ved Dan Helge Bjørneset, kom med slikt tillegg til pkt.5:

Kommunestyret ber administrasjonen om å samkøyre insentivordninga retta mot studentar med Volda Næringsforum og planane som føreligg for etablering av Voldakortet. Dette vil omfatte etableringskostnader og eit beløp på inntil kroner 5 000 til studentar som melder flytting til Volda frå kommunar utanfor Søre Sunnmøre.

Hans Peter Eidseflot kom med slik endring punkt 2:

Insentivordninga gjeld studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, unnateke nabokommunar og kommunar i Sjustjerna.

Dan Helge Bjørneset bad om at Høgre sitt framlegg vert sett i samanheng med framlegget frå Hans Peter Eidseflot, vedk. geografisk område.

Røysting (33 røysteføre):

Endringsframlegget frå Hans Peter Eidseflot vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Høgre, sett i samanheng med framlegget frå Hans Peter Eidseflot, vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet, med tillegg og endring frå Hans Peter Eidsflot og Dan Helge Bjørneset, vart samrøystes vedteken.

KST- 66/20 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek utprøving av insentivordning for studentar som melder flytting til Volda kommune, med ei prøvetid på 3 år.
2. Insentivordninga gjeld studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, unnateke nabokommunar og kommunar i Sjustjerna.
3. Det vert avsett inntil kr 2,5 mill. til ordninga. Kostnader finansierast ved bruk av disposisjonsfond i 2020. Frå og med 2021 vert kostnaden finansiert gjennom forventa auke i frie inntekter.
4. Oppstart skal skje så snart det er praktisk mogeleg i studieåret 2020/2021.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å etablere og setje i verk ordninga. Kommunestyret ber administrasjonen om å samkøyre insentivordninga retta mot studentar med Volda Næringsforum og planane som føreligg for etablering av

Voldakortet. Dette vil omfatte etableringskostnader og eit beløp på inntil kroner 5 000 til studentar som melder flytting til Volda, unnateke studentar frå nabokommunar og kommunar i Sjustjerna.

6. Ordninga evaluerast etter prøvetida.

Formannskapet 09.06.2020:

Behandling:

Sakshandsamar Nina Kvalen og økonomisjef Kari Mette Sundgot svara på spørsmål frå formannskapet.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

FSK- 110/20 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek utprøving av insentivordning for studentar som melder flytting til Volda kommune, med ei prøvetid på 3 år.
2. Insentivordninga gjeld studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, utanfor Sunnmøre.
3. Det vert avsett inntil kr 2,5 mill. til ordninga. Kostnader finansierast ved bruk av disposisjonsfond i 2020. Frå og med 2021 vert kostnaden finansiert gjennom forventa auke i frie inntekter.
4. Oppstart skal skje så snart det er praktisk mogeleg i studieåret 2020/2021.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å etablere og setje i verk ordninga.
6. Ordninga evaluerast etter prøvetida.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek utprøving av insentivordning for studentar som melder flytting til Volda kommune, med ei prøvetid på 3 år.
2. Insentivordninga gjeld studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, utanfor Sunnmøre.
3. Det vert avsett inntil kr 2,5 mill. til ordninga. Kostnader finansierast ved bruk av disposisjonsfond i 2020. Frå og med 2021 vert kostnaden finansiert gjennom forventa auke i frie inntekter.
4. Oppstart skal skje så snart det er praktisk mogeleg i studieåret 2020/2021.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å etablere og setje i verk ordninga.
6. Ordninga evaluerast etter prøvetida.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 09.06.2020 - 110/20

1. Kommunestyret vedtek utprøving av insentivordning for studentar som melder flytting til Volda kommune, med ei prøvetid på 3 år.
2. Insentivordninga gjeld studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, utanfor Sunnmøre.
3. Det vert avsett inntil kr 2,5 mill. til ordninga. Kostnader finansierast ved

bruk av disposisjonsfond i 2020. Frå og med 2021 vert kostnaden finansiert gjennom forventa auke i frie inntekter.

4. Oppstart skal skje så snart det er praktisk mogeleg i studieåret 2020/2021.
5. Kommunedirektøren får fullmakt til å etablere og setje i verk ordninga.
6. Ordninga evaluerast etter prøvetida.

Vedlegg:

Brev frå Studentparlamentet ved HVO av 180520: Innspel til saka om studentinsentiv for at studentar skal vere folkeregistrert i Volda

Saksopplysningar:

Volda er vertskommune for mange tilflytta studentar frå andre stader i landet. Nokre av desse melder ikkje flytting i folkeregisteret, samtidig som kommunen tilbyr tenester til studentane som i stor grad er finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunen. At studentane ikkje melder flytting medfører at kommunen kan gå glipp av frie inntekter. I utgreiinga gjer kommunedirektøren greie for inntekspotensialet som kan liggje i å få studentar til å melde flytting til Volda, ved innføring av ei insentivordning med aktivitetskort eller gåvekort på sykkel/utstyr.

Folkeregisteret gir grunnlag for befolkningsstatistikken som hjelper det offentlege, inkludert kommunen, til å utvikle og betre tenestetilbodet, også retta mot studentar. Studentar som melder flytting får stemmerett og moglegheit til å påverke utviklinga i kommunen. Det kan føre til auka tilhøyrsløse i kommunen, og ha positive effektar for den enkelte og studiemiljøet.

Både Høgskulen i Volda (HVO) og studentane ved Studentparlamentet, er positive til at kommunen ser på moglegheitene for å tilby studentar ei form for tilskot, insentiv eller gode for å endre folkeregistrert adresse til Volda. I samarbeid med høgskulen er det kartlagt tal studentar i målgruppe for ordninga, og studentane har kome med innspel til saka, m.a. kva type insentiv som kan vere attraktive for at studentane skal melde flytting til Volda. Det er kartlagt erfaringar med tilsvarande ordningar i andre kommunar, og kva insentiv desse har nytta. Det har vore møte med Ålesund kommune og Studentparlamentet ved NTNU i Ålesund, for å høyre deira erfaringar og få kunnskap om korleis dei har arbeidd med ordninga.

Det er komplisert å vurdere både inntektssida og utgiftssida i saka, m.a. grunna usikkerheit om tal studentar som vil melde flytting til Volda som følgje av innføring av insentivordning. Auka inntekter vil kome som ein del av rammeoverføringane frå staten, og lar seg vanskeleg måle eksplisitt. Inntekspotensialet må bereknast med ei rekke teoretiske føresetnader og bidreg derfor til ein vesentleg grad av usikkerheit.

I arbeidet med saka har ein sett at det kan vere uheldig å innføre ei ordning som forskjellsbehandlar nye og gamle folkeregistrerte studentar. Det er derfor vurdert om det lar seg gjere å tilby eit generelt gode til alle studentar som er folkeregistrert i kommunen på eit visst tidspunkt. Tanken er at auka rammetilskot frå staten som følgje av at auka tal studentar vel å folkeregistrere seg i Volda, skal nyttast til å finansiere eit generelt gode som alle studentar etter søknad kan oppnå ein gong. Ei slik ordning likebehandlar alle studentar som er folkeregistrert i Volda, og vil inngå som eit generelt velferdstiltak for studentane.

Som det kjem fram av utgreiinga under vil auka inntekter som følgje av at fleire studentar melder flytting, under gjevne føresetnader, finansiere dei utgiftene kommunen tek på seg ved å innføre eit «eingongsgode» for alle studentar som er folkeregistrert i kommunen.

Tal studentar i Volda

I Møre og Romsdal er det tre høgskular og universitet: Høgskulen i Volda har 4 500 studentar, NTNU i Ålesund og Høgskulen i Molde har 2 500 studentar kvar. HVO har både flest studentar og tilsette, og er den største høgskulen i fylket.

Tal frå HVO viser at om lag 1 400 av studentane som har fast undervisning i Volda, kjem frå kommunar utanfor Sunnmøre. Desse vil vere i målgruppe for insentivordning, dersom Volda vel same avgrensing for ordninga som Ålesund kommune. Om lag 2 000 av dei 4 500 studentane ved HVO, kjem frå eige fylke. 27% av studentane i Volda deltek i nettbaserte eller desentraliserte studietilbod, og har ikkje fast undervisning i Volda.

Innføring av ei insentivordning krev at ein tek stilling til om ordninga skal gjelde for studentar utanfor Volda, Sunnmøre eller Møre og Romsdal. Dersom den skal gjelde for alle studentar som kjem frå kommunar utanfor Volda, vil den gjelde også for studentar frå Sunnmøre og fylket. Effekten for nabokommunar, som ofte har ført til politisk diskusjon i kommunar som har vurdert eller innført slik ordning, er at dei mister innbyggjartilskot og andre rammetilskot som direkte konsekvens av insentivordningar som vert innført i kommunar med universitet og høgskular. Dersom Volda etablerer insentivordning for alle studentar utanfor kommunen, kan dette skape konkurranse eller mottiltak i kommunar på Sunnmøre eller i fylket, og i nabokommunar som ikkje er ein del av Møre og Romsdal fylke.

Ålesund kommune innførte insentivordning i 2019 og vedtok nyleg vidareføring av denne. Ålesund har avgrensa ordninga til å gjelde studentar som kjem frå kommunar utanfor Sunnmøre. Ved innføring var tilrådinga frå administrasjonen å avgrense ordninga til å gjelde studentar som kom tilflyttande frå kommunar utanfor Møre og Romsdal. Dette vart endra av politikarane til å gjelde studentar som kom frå kommunar utanfor Sunnmøre. Studentar frå Volda som flyttar til Ålesund er såleis ikkje omfatta av ordninga. I 2019 melde 450 studentar frå kommunar utanfor Sunnmøre flytting til Ålesund. Om Volda vel å innføre slik ordning vil det vere naturleg å ha same avgrensing som Ålesund. Fleire studentar i Ålesund har uttrykt misnøye med slik avgrensing, og ønskjer at alle studentane skal ha like mogelegheiter for ordninga. Det vart ikkje gjort endringar på dette ved nyleg politisk handsaming av saka.

Studentar har etter lovverket rett til å velje om dei vil melde flytting til studiekommunen eller oppretthalde folkeregistrert adresse i heimkommunen. I følgje forskrift til folkeregisterlova § 5-1-4, kan personar som oppheld seg i ein kommune for å få undervisning velje om dei vil folkeregistrerast i studiekommunen, oppretthalde folkeregistrert adresse på tidlegare bustad dersom dei framleis har tilknytning til dette, registrerast i foreldreheim eller i felles heim med ektefelle eller barn. I tilbakemelding frå Studentparlamentet ved NTNU til Ålesund kommune, hevdar dei at hovudgrunnen for at studentar ikkje ønskjer å melde flytting, er at dei ikkje vil få bruk for kommunale tenester i 3-års perioden dei er studentar.

Erfaringar frå andre kommunar

Fleire vertskommunar for utdanningsinstitusjonar har innført insentivordning for at studentar skal melde flytting til studentkommunen. Erfaringar viser at kommunane

har fått auka rammetilskot frå staten som konsekvens av at dei har innført slik ordning. Ålesund har fått auka rammetilskot på kr 7 mill., Stavanger og Kristiansand kr 20 mill. og Bergen har stipulert med auka inntekter på kr 55 mill. fordelt på 2 år. Midt-Telemark (Bø) har fått auka rammetilskot, m.a. særleg auke i veksttilskotet. Ås har fått auka befolkningsvekst, men ikkje tilsvarende inntektsvekst.

Kommunane nyttar ulike typar insentiv: Ålesund, Stavanger og Kristiansand har ordning med gratis busskort. Bergen skal prøve ut ordning med kultur-/aktivitetskort. Midt-Telemark (Bø) gir gåvekort på sykkel/-utstyr og 5 kinobilletter. Bodø gir flyttetilskot. Åmot gir iPad og Ås eit eingongstilskot og gåvekort til kino eller kulturarrangement. Enkelte kommunar har vedteke at noko av dei auka inntektene skal gå direkte til studentvelferd.

Ålesund: I prøveperioden 2019/2020 deltok 450 studentar i ordninga. Auka inntekt: Kr 7 mill., ei effekt som kjem i 2021. Ei risiko er at studentar melder flytting frå Ålesund før 1. juli. Kommunen fekk ikkje veksttilskot i 2020. Insentiv: [Gratis busskort](#) til kr 395 per måned (sone Ålesund – Giske – Sula) i 1 år. Kostnad med ordninga var kr 1,6 mill. og ressursar til 50% stilling i 6 månader, dvs. ei samla kostnad på om lag kr 2 mill. Målgruppe: Studentar utanfor Sunnmøre. Studentane i Ålesund er svært positive til ordninga, men peikar på forhold som kan gjere ordninga betre. Avgrensinga til Sunnmøre blir opplevd som urettferdig, og dei ønskjer fleire insentiv å velje mellom. I mai 2020 vedtok kommunestyret å vidareføre ordninga avgrensa til å gjelde studentar som kjem frå kommunar utanfor Sunnmøre, og busskort vart vidareført som einaste insentiv.

Stavanger: I 2019 melde 1 004 studentar flytting. I 2018 melde 885 studentar flytting, som gav ei auka inntekt på kr 20 mill. Kommunen fekk ikkje veksttilskot i 2020. Målgruppe: Alle heiltidsstudentar. Insentiv: [Gratis kollektivtransport](#) i Stavanger-regionen i 1 år, som hadde ein kostnad på kr 3,7 mill. Om lag 50% administrasjonsressurs er knytt til ordninga.

Kristiansand: Innførte ordning i 2017, og 1 930 studentar melde flytting. Auka inntekt: Kr 20 mill. Kommunen fekk ikkje veksttilskot i 2020. Målgruppe: Heiltidsstudentar utanfor Agder. Insentiv: [Gratis busskort](#) gyldig i Vest- og Aust-Agder i 1 studieår. Unntak: Nattbuss, flybuss, ekspressbuss.

Arendal: Mottiltak til kampanje i Kristiansand. Insentiv: Gratis busskort og gåvekort på kr 1 000.

Flekkefjord: Mottiltak til kampanje i Kristiansand. Insentiv: Reisestipend på kr 5 000 per skuleår. Nyttar 50% administrasjonsressurs til tiltaket.

Bergen: Har vedteke innføring av ordning som skal utprøvast som pilot i 2020. Berekna auka inntekt: Kr 55 mill. over to år, basert på at 3 000 studentar melder flytting. Insentiv: [Aktivitetskort](#) med verdi på kr 2 000 til kultur- og aktivitetsbilletter i Bergen. Kortet kan studentane få ein gong. Målgruppe: Heiltidsstudentar utanfor Hordaland. Har årleg stipulert med kr 1 mill. til administrering av ordninga.

Midt-Telemark (Bø): Innførte 3-årig prøveprosjekt med [sykkelkampanje](#) hausten

[2017](#). I 2019 melde 121 studentar flytting. I 2018 melde 231 flytting, og i 2017 var talet 152. Auka inntekt i 2020: Kr 6,9 mill., og i 2019 kr 6 mill. Som følgje av sterk folkevekst fekk kommunen i 2019 eit veksttilskot på kr 58 798 for kvar nye innbyggjar over vekstgrensa på 1,4%, som utgjorde kr 4,6 mill. I 2020 fekk kommunen veksttilskot for 13 nye innbyggjarar à kr 60 515, totalt kr 776 000. Insentiv: Gåvekort på sykkel/-utstyr og 5 kinobilletter. Ordninga arrangerast som ein sykkelkampanje der studentar som melder flytting får eit gåvekort på inntil kr 5 000 til kjøp av sykkel/-utstyr (hjelm, skjermar og anna fastmontert utstyr som sikrar god funksjon og tryggleik), og eit gåvekort på 5 kinoframsyringar med verdi kr 575 (2019), dvs. ei samla utgift på inntil kr 5 575 per student som melder flytting til kommunen. Kulturkonsulent i 20% stilling administrerer ordninga.

Bodø: Insentiv: Flyttetilskot på kr 5 000. Kommunen fekk ikkje veksttilskot i 2020.

Åmot: I 2016 melde 140 studentar flytting, og kommunen fekk auka inntekter på kr 7 mill. Åmot fekk ikkje veksttilskot i 2020. Insentiv: IPad.

Ås: Innførte ordning i 2017. Insentiv: Eingongstilskot på kr 4 000 og eit gåvekort på kr 1 000 til kino eller kulturarrangement. I [handlingsprogrammet](#) for 2020-2023 kjem det fram at ordninga bidreg til auka befolkningsvekst, men ikkje tilsvarande auka inntektsvekst. I 2020 fekk kommunen [kr 11 mill.](#) i veksttilskot for 182 nye innbyggjarar.

Argumenter for og i mot å ta i bruk insentivordning for å melde flytting

Eit argument i kommunar som har teke i bruk tilsvarande ordningar, er at innbyggjartilskotet frå staten bør bidra til å finansiere dei offentlege tenestene i kommunen der studenten faktisk bur og nyttar kommunale tenester og servicetilbod. Studentane nyttar t.d. legevakt, helsestasjon, friluftareal, idretts- og kulturtilbod i studiekommunen. Ved auka rammeoverføringar frå staten vil kommunen kunne gje meir tilpassa tenestetilbod til alle som bur og oppheld seg i kommunen.

For studentar som har fastlege i Volda, men som ikkje er folkeregistrert i Volda, får kommunen eit gjesteinnbyggjaroppgjær på kr 499 per år frå studentane sine heimkommunar. Det er i dag eit lite volum i [oppgjæret](#) for gjesteinnbyggjarar i Volda. For 2019 fekk Volda gjesteoppgjær frå andre kommunar for 204 personar, medan Volda betalte gjesteoppgjær til andre kommunar for 157 voldingar med fastlege i andre kommunar (204/157). Tilsvarande tal for 2018 var 205/155, og tal for 2017 var 223/159. Kor mange av desse som er studentar, kan ikkje talfestast nøyaktig. Nokre av dei Volda får gjesteinnbyggjaroppgjær for kan vere studentar, medan andre er innbyggjarar i nabokommunar med fastlege i Volda. Samstundes har voldingar fastlege i nabokommunar og andre kommunar, derav voldingar som er studentar i andre kommunar. For dei av studentane som har fastlege i Volda, og som vel å folkeregistrere seg i Volda som følgje av innføring av insentivordning, vil gjesteinnbyggjarinntekta opphøyr.

Det er fordelar for studentar som melder flytting at dei kan stemme ved lokalval der dei bur og lever sine liv. For Volda er det tilsvarande fordel ein demokratisk gevinst at auka tal innbyggjarar deltek i lokalval. Om dette fører til at studentane engasjerer

seg i lokalpolitikken og får auka tilhøyrse i kommunen, kan ha positive effektar for den enkelte, studiemiljøet og lokalsamfunnet. Om det fører til at fleire studentar vel å bli buande i Volda etter studietida som yrkesaktive, vil det òg kunne gje auka skatteinntekter til kommunen.

Ordninga med reisestipend gjennom lånekassa for studentar i høgare utdanning tok slutt studieåret 2017/2018, og studentane får ikkje lenger reisestipend ved å oppretthalde same folkeregistrerte adresse som foreldra. Vidare vil flytting til studiekommunen medan ein er student ikkje ha verknad for utbetaling av basisstønad frå lånekassa. Ved at studentane er [bortebuar](#), dvs. at dei ikkje bur i same hus som foreldra, vil inntil 40% av basisstønaden bli gjort om til stipend. Dette vil ikkje endre seg for studentane ved å melde flytting i folkeregisteret.

Flytting til studiekommunen vil kunne føre til at studentane ikkje kan nytte innbuforsikringa til foreldra. Nokre studentbustader har inkludert innbuforsikring i husleiga, m.a. Studentsamskipnaden i Volda. Forsikringa gjeld ikkje private eigedelar. Studentar har t.d. høve til å teikne studentmedlemsskap i fagforeining, og få rimeleg [samlepakke](#) med innbu-, reise-, ulykkes,- og uføreforsikring, frå om lag kr 1 000 per år.

Ved innføring av insentivordning for studentar i Volda med avgrensing til Sunnmøre, vil ikkje studentar frå eigen kommune eller andre kommunar på Sunnmøre bli omfatta av ordninga. Dei kan slik oppleve å bli forskjellsbehandla. Vidare kan ungdom oppleve ei særbehandling av studentar i høve til dei som t.d. tek fagutdanning.

Insentivordningane i nokre kommunar tilgodeser studentar som melder flytting i ein gitt periode. Med slik praksis gir ordningane fordelar for nye studentar som kjem tilflyttande, som dei som allereie er folkeregistrert i kommunen ikkje kan oppnå. Bergen vil i forsøksordninga opne for at alle studentar skal kunne søkje om aktivitetskort ein gong, slik at alle studentar får like mogelegheiter for ordninga. Ved innføring av insentivordning i Volda vil ein at alle tilflytta studentar frå andre kommunar i Noreg skal kunne søkje om studenttilskot ein gong, avgrensa til studentar som kjem tilflyttande frå kommunar utanfor Sunnmøre.

Ei anna side ved saka er [reaksjonar](#) i omkringliggjande kommunar som ønskjer å behalde sine innbyggjarar og inntektene dei har gjennom statlege overføringar. Nokre regionråd har engasjert seg og teke avstand til slike ordningar. M.a. har [regionrådet](#) i Østre Agder vendt seg til Stortinget om saka.

Det er om å gjere å lage attraktive kommunar som alle ønskjer å busette seg i. Det å byggje eit positivt forhold til studentane vil kunne gagne kommunen i høve til rekruttering av framtidig arbeidskraft, men det vil også kunne gje tilreisande studentar auka trivsel og sterkare tilhøyrse til studiestaden gjennom deltaking i lokaldemokratiet. På andre områder gir det ulemper for studentane å melde flytting frå heimstaden. Det må derfor vere opp til den enkelte student å vurdere kva som er best for dei. Det er viktig dei vurderer fordelane opp mot ulempene. For nokre vil reknestykket gå i pluss, for andre i minus ved å nytte seg av ei slik ordning.

Ulike insentiv

Busskort: Fleire bykommunar tilbyr gratis busskort som insentiv for ordninga. Ein fordel ved å nytte skysskort som insentiv, er at dette kan vere med å etablere kollektive og miljøvennlige reisevanar hos unge vaksne, og redusere parkeringsproblem på campus. Dette var argument for val av insentiv i Ålesund. Volda har eit kompakt sentrum med korte avstandar. Busskort vil truleg ikkje vere eit attraktiv insentiv for at studentar skal melde flytting til Volda. Dei fleste studentane bur i Volda sentrum, og få er avhengig av buss for dagleg å kome seg til og frå campus. Busstilbodet er truleg heller ikkje godt nok utbygd for å kunne bidra til at studentane finn det meir tilfredsstillande å bu utanfor Volda sentrum.

I evalueringa av insentivordninga i Ålesund uttrykker studentane at dei er svært positive til busskort som insentiv, og ønskjer vidareføring av dette som fast tilbod. Samstundes har dei fremja ønskje om at det også bør vere andre insentiv for dei som ikkje har behov for busskort, eller som bur ein stad der busstilbodet ikkje er godt nok til å vere eit faktisk alternativ. Gjerne i form av eit kulturkort, tilgang til svømmehall, klatrehall mv. For å gjere ordninga enkel å administrere held kommunen fast på at det berre er busskort som vert insentiv for ordninga.

Aktivitetskort: Gratis eller rabatterte billetter til kulturarrangement og aktivitetar som kino, museum, konsertar, treningssenter, lag og organisasjonar er eit insentiv som kan egne seg spesielt godt for nye studentar, som ein introduksjon til det mangfaldige kulturlivet og aktivitetstilbodet i kommunen. Eit slikt gode vil samtidig ha positive effektar for studentane: Kulturdeltaking gir utvikling, meistring og oppleving av samanheng i livsperspektivet. Kultur er ein felles arena som menneske kan samlast om, uavhengig av alder, etnisitet, kjønn og sosial bakgrunn.

Ei ordning med kultur- og aktivitetsbilletter kan basere seg på eit digitalt aktivitetskort, som vil auke tilgangen på kulturaktivitetar for studentane, samtidig som det vil auke oppslutninga av studentar på kino, arrangement og aktivitetar i kommunen. Ordninga vil også kunne gje meirsmak på å oppsøkje kulturaktivitetar resten av studietida, og stimulere til ny publikumsrekruttering t.d. på kino og auka deltaking på andre kulturarrangement og fritidsarena. Den kan gje positive effektar både for studentar, lokalt kultur- og næringsliv og tilstøytane politikkområder. Om ordninga følgjast opp gjennom statistikk og analyse basert på bruken av kortet, vil dette kunne bidra i politikktutvikling på kulturfeltet og overfor studentar. Dette alternativet vi krevje noko tilrettelegging og oppfølging frå kommunen, då det må finnast fram aktuelle kultur- og aktivitetstilbod, og avtalast prisar. Ordninga kan vidareutviklast og takast i bruk for andre grupper t.d. låginntektsfamiliar, barn og unge.

Stipend/gåvekort: Fleire kommunar har teke i bruk gåvekort og stipend for å få studentar til å melde flytting. Stipend vil vere ein rein økonomiske yting utan dei tilleggsgevinstar for kommunen som t.d. busskort, aktivitetskort og auka bruk av sykkel vil kunne ha. Eit gåvekort vil vere ein tilnærma rein økonomisk yting, om det er eit gåvekort med eit breitt bruksområde. Eit avgrensa bruksområde t.d. knytt til kjøp av sykkel/utstyr i lokalt næringsliv, vil stimulere til lokal handel hos bedrifter som sel sykklar og utstyr.

Fordelen med slike insentiv er at ordninga vil vere lett å setje i verk for kommunen,

samstundes som studentane får ein fleksibel yting som dei sjølve kan bestemme korleis dei vil nytte. Ein må vere merksam på at stipend på generelt grunnlag kan kome inn under reglar om skattbar inntekt, avhengig av kva stipendet vert ytt for. Her vil dei gjeldande skattereglane kome i bruk. Ei ordning avgrensa til å gjelde gåvekort på sykkel/-utstyr vil kunne gje positive tilleggseffektar for miljø og folkehelsa.

Nettbrett: Blant insentiv som er tekne i bruk av andre kommunar er også nettbrett. Ein fordel for studenten er at dette er eit relevant hjelpemiddel i studietida. Kostnaden er om lag kr 4 000 avhengig av kva modell som vert valt og kva pris som forhandlast fram. Nettbrett gir ikkje positive tilleggseffektar for miljø eller kulturliv. Tvert imot stimulerer ordninga til auka kommersiell omsetjing av nettbrett, uavhengig av kor mange studentar som faktisk har behov for eit nytt nettbrett.

Aktuelle insentiv i Volda, utvikling og utprøving av ordninga

Innspel frå Studentparlamentet ved HVO

Arbeidsutvalet (AU) i Studentparlamentet ved HVO har kome med innspel og tankar frå studentane si side. Dei er positive til at Volda kommune vil sjå på mogelegheitene for å tilby studentar ei form for tilskot, insentiv eller gode for å melde flytting til Volda, og vurderer at ei slik ordning vil bli teken godt imot blant studentane. Studentparlamentet kjem ikkje med ei prioritert «ønskeliste» eller klart svar på kva som kan vere det beste verkemiddelet, men ut i frå deira kjennskap til studentmiljøet i Volda, har dei tankar og idear om kva som kan vere attraktive insentiv. Dei peikar på at det overordna målet må vere at insentivet er så godt at det vil vege opp for eventuelle ulemper ved å melde flytting. Det må rette seg inn mot og vere attraktivt for studentane. Studentparlamentet ser føre seg ein kombinasjon av fleire av følgjande eller liknande tiltak, vil vere det beste om målet er at flest mogeleg studentar skal nytte seg av ordninga:

- *Kultur og idrett:* Ei form for redusert medlemsavgift, gratis medlemskap eller frikort for å bli med i lokale idrettslag, treningssenter, klatrehall, kino, konsertar, festivalar, fotballkampar eller liknande. Det kan også vere gratis inngang/medlemskap på Rokken.
- *Støtte til kollektivreiser:* Gratis busskort/bussreiser mellom Volda, Ørsta, Ålesund, Oslo, Bergen, Trondheim. Redusert pris på flyreiser for å kome seg heim til foreldra. Sidan busstilbodet ikkje er så godt som vi skulle ønske i vårt område, er vi usikre på kor mange studentar som brukar buss i det daglege. Men mange av dei fastbuande studentane ønskjer seg lettvinde måtar å reise heim eller til større byar i helgar og feriar. Studentane saknar også ordentleg kollektivtilbod til/frå Hovden.
- *Støtte til innkjøp av sykkel, elsykkel eller turutstyr:* Å oppmode til meir bruk av sykkel vil vere positivt for både studentane si helse, miljøet og parkeringssituasjonen på høgskuleområdet. Med bratte bakkar ligg det godt til rette for meir bruk av elsykkel i Volda. Mange vel også å studere i Volda grunna den flotte naturen, og eit insentiv for å enklare kunne bruke naturen rundt oss kan

bli tatt godt imot.

- *Sponsing av forsikring (innbuforsikring, bil, reise m.m.):* Forsikringar kan gjere det fordelaktig for studentar å behalde heimstadaadressa si i studietida, og dermed kunne gå inn under foreldra sine forsikringsavtalar. Kommunen kunne sponse forsikringspremien til studentane i ulike forsikringsselskap. Mange studentar er forsikra gjennom studentmedlemsskap i fagforeiningar, så ein kunne også gi støtte til fagforeiningskontingent.
- *Øyremerka midlar til studenttiltak:* Ein del av midlane kommunen får som følgje av at fleire studentar er folkeregistrert i kommunen, må bli øyremerkt studenttiltak – kommunale tiltak som kjem studentane til gode t.d. utviding av studenthelseteneste og psykisk helseteneste i samarbeid med Studentsamskipnaden, kulturtilbod, støtte til studentaktivitetar og festivalar etc. Kanskje kan det også vere mogleg å opprette ei form for bysykkel-ordning i Volda?

Val mellom fleire insentiv i Volda: Aktivitetskort eller gåvekort på sykkel/utstyr

På bakgrunn av innspel frå Studentparlamentet og erfaringar i andre kommunar er det vurdert ulike insentiv, og ein har kome fram til at Volda kommune bør tilby val mellom to insentiv som kan motivere studentane til å melde flytting til Volda. Ved at dei sjølve kan velje kva insentiv som er mest nyttig for dei opnar ein for fleksibilitet i ordninga, som kan motivere fleire til å melde flytting til Volda. Ein ser føre seg det er aktuelt å tilby følgjande insentiv i Volda:

1. *Aktivitetskort*
2. *Gåvekort på sykkel/utstyr*

Eit aktivitets- eller gåvekort vil gje positive effektar både for studentane og lokalt kultur- og næringsliv. Kvar på sin måte er insentiva eit velferdsgode og gode folkehelseiltak, samtidig som dei vil kunne bidra til å auke tal innbyggjarar i kommunen. Studentane kan få tilskotet ein gong.

Eit digitalt *aktivitetskort* vil gje gratis eller rabatterte billetter til kulturarrangement og aktivitetar som kino, museum, konsertar, treningssenter, lag og organisasjonar, og introdusere nye studentar til det mangfaldige kulturlivet og aktivitetstilbodet i kommunen. Det vil ha positive effektar for studentane i form av utvikling, meistring og felles opplevingar på ulike kulturarena med andre innbyggjarar i kommunen. Tiltaket vil kunne gje tilleggseffektar ved å stimulere til ny publikumsrekruttering t.d. på kino, og auka deltaking på andre kulturarrangement og fritidsarena.

Eit *gåvekort på sykkel/utstyr* vil motivere studentane til aktivitet og sykle til og frå campus og elles i Volda-samfunnet, og kunne bidra til å redusere parkeringsproblem ved campus. Ved å gje eit gåvekort til kjøp av sykkel/utstyr i lokalt næringsliv, vil ein stimulere til auka handel i lokalt næringsliv som sel sykklar og utstyr. Tiltaket vil kunne gje positive tilleggseffektar for miljø og folkehelsa.

Begge insentiva underbygger ambisjonar Volda har om å vere ein god studiestad, og støttar opp under visjonen i samfunnsdelen av kommuneplanen om at Volda skal vere ein attraktiv kommune å busette seg i. Vidare støtter tiltaket m.a. opp under målet om at fleire skal nytte miljøvennleg transportmiddel, og strategien om å stimulere til at fleire sykklar til skule og aktivitetar.

Ordninga bør avgrensast til å gjelde for heiltidsstudentar ved HVO som har betalt semesteravgift og meldt flytting til Volda i folkeregistreret, og som kjem frå ein annan norsk kommune utanfor Sunnmøre.

Vi ønskjer å leggje til grunn erfaringar frå andre kommunar for tildeling av tilskot til studentar i Volda. Eit utgangspunkt for kriterium vil vere:

- a. Du må vere norsk eller utanlandsk statsborgar med norsk personnummer, som har flytta frå ein annan norsk kommune utanfor Sunnmøre til Volda kommune
- b. Du må vere heiltidsstudent og ha betalt semesteravgift ved HVO
- c. Du må ha meldt flytting til Volda i løpet av dei 2 siste åra og kunne leggje fram bustadattest på folkeregistrert adresse i Volda
- d. Du pliktar å vere folkeregistrert i Volda kommune under heile studietida

Verdien aktivitets-/gåvekortet vil ha for studentane vil avhenge av kor mykje pengar som vert lagt i ordninga, kva tilbod og prisar som gjeld og kor mykje studentane faktisk nyttar aktivitets-/gåvekortet. For at eit aktivitets-/gåvekort på sykkel/utstyr skal vere attraktivt nok til å fungere som insentiv til at fleire studentar skal melde flytting til Volda, bør verdien på aktivitets-/gåvekortet ha eit visst omfang, og liggje over det studenten må ut med for å teikne eigen innbuforsikring i studietida. Tilbodet må gje insitament og tilpassast studentar.

I pilotperioden ser ein føre seg at kvart aktivitets-/gåvekort bør ha ein verdi på kr 5 000, som eit eingongstilskot per student. Dvs. at studentar i målgruppa kan få tilskotet ein gong. Bakgrunnen for å setje 2 år tilbakeverkande kraft er at studentar som tidlegare har meldt flytting ikkje skal oppleve at dei tapar på dette. Det vil kunne takast stikkprøver for å handheve kriteriet om at studentane pliktar å oppretthalde folkeregistrert adresse i Volda i heile studietida.

Utvikling og utprøving av ordninga i Volda

Gjennom avtalar med ulike arrangørar, organisasjonar og bedrifter, vil kommunen kunne avtale prisar som gjer at den faktiske verdien kan bli høgare enn tilskotet på kr 5 000. Tabell 1 under, i avsnittet om økonomiske konsekvensar, illustrerer verknaden for inntekter til kommunen med utgangspunkt i eit døme der 500 studentar melder flytting innan 01.01. eit aktuelt år. For å lukkast med tiltaket, slik at eit tilstrekkeleg tal studentar faktisk melder flytting innan 01.01. og utgiftene med ordninga slik kan finansierast, vil det vere behov for å gjere gode førebuingar.

Ordninga må marknadsførast godt overfor studentane og eit informasjons- og marknadsføringsopplegg må etablerast i samarbeid med HVO og studentorganisasjonane. Dette er drøfta med Studentparlamentet, som er positive og ønskjer å bidra med marknadsføring. Studentparlamentet viser til at informasjonen må kome frå kommunen. Dei kan bidra til å gjere informasjonen kjend, men ikkje ha ei aktiv promoteringsrolle. Studentparlamentet held seg nøytral

til valet om adresseendring, som må vere opp til den enkelte student å vurdere. Dei meiner det vil vere ein fordel å kunne marknadsføre ordninga allereie frå semesterstart, når studentane får diverse anna informasjon. Studentparlamentet trur mange studentar har mangelfull kunnskap eller misoppfatningar t.d. om og korleis flytting verkar inn på helseteneste, fastlege, tannhelseteneste, lånekassa sine stipendordningar mv. Det er difor svært viktig å kommuniserer ut enkel og sakleg informasjon om både føremoner og ev. ulemper ved å endre folkeregistrert adresse, slik at den enkelte kan ta gode val for seg og sin situasjon. Det må vere enkelt å søkje, enkelt å ta i bruk ordninga, og ordninga må ha klare rammer. Eit opplegg for innsending av søknad og søknadshandsaming må etablerast, og det bør utarbeidast retningsliner for ordninga.

Det vil vere ein stor fordel å involvere eit utval av studentar og studentorganisasjonar, lokale tilbydarar av kultur- og aktivitetstilbod og tilsette som skal forvalte ordninga, i arbeidet med å utvikle innhaldsprofil og system for forvaltning av kortet. Det kan vere aktuelt å nytte tenestedesignmetodikk gjennom brukarreismetode, fokusgrupper, workshops osv. Tenestedesign startar med å samle innsikt og kunnskap om studentane sine behov, tilbod om aktivitetar, opplevingar om tilboda og systemet for forvaltning. Dette vil gje kommunen eit grunnlag for å utvikle tilbodet best mogeleg. Bruk av slik metodikk avhenger av kva ressursar som vert stilt til rådvelde for etablering og gjennomføring, og om studentane, HVO og andre aktuelle partar ønskjer å delta i ein slik prosess.

Digitalisering er eitt av tre satsingsområder i kommunen. Med digitalisering meiner vi å nytte teknologi til å endre prosessar, arbeidsmåtar og grensesnitt mellom kommunen og tenestemottakar. Kommunen vil finne ei god digital løysing for forvaltning av aktivitets- og gåvekortet, med mål om automatisering. Det er særleg aktuelt å nytte robotteknologi for automatisering av prosessar og arbeidsmåtar for forvaltning av ordninga. I samarbeid med leverandørar av kommunen sine fagsystem som er relevante for forvaltning av aktivitets-/ gåvekortet, t.d. Acos for sak/arkiv og skjema og Evry for Unit4 Business World økonomisystem, vil vi avklare korleis desse kan nyttast.

Kommunen har fleire moderne løysingar som er aktuelle, og vi ser for oss å nytte nasjonale felleskomponentar i samspel med interne system, og prosessautomatisering ved bruk av robot/"digital medarbeidar" (RPA-teknologi). Målet er å automatisere sakshandsaminga når søknad om aktivitets-/gåvekort blir sendt inn. Eit mål er å setje opp ei løysing med automatisk tilpassing avhengig av kva studentane søker om, utan at søkjaren vil oppleve noko skilnad.

Kommunen vil utarbeide ei oversikt over tilbydarar og aktivitetar som kan nyttast. Roboten vil nytte dette registeret for å avgjere om tilbydaren/aktiviteten er godkjent. Krav om dokumentasjon, t.d. på betalt semesteravgift og folkeregistrert adresse i Volda, blir vurdert av roboten. Roboten vil krevje trening i å kjenne igjen denne typen dokumentasjon ved at ein person trenar opp roboten. Etter kort tid vil treninga gje gevinst i form av redusert manuelt arbeid og raskare sakshandsaming. Ved å ta i bruk RPA-teknologi til å automatisere forvaltninga av ordninga vil vi redusere tidsbruk til sakshandsaming, og i større grad kunne nytte administrative ressursar til å gjennomføre stikkprøver. Vi har stor tru på at ei slik løysing vil kunne vere berekraftig, og ha overføringsverdi til andre liknande ordningar i vår kommune

og i andre kommunar etter prøveperioden er over. T.d. har Midt-Telemark (Bø) kommune vist interesse for at Volda kommune vurderer slik metodikk. Utviklinga av eit digitalt aktivitetskort kan i framtida vidareutviklast til andre grupper, t.d. aktivitetskort for låginntektsfamiliar og barn og unge.

Kommunen har ikkje tatt i bruk robotteknologi, og det vil difor vere naudsynt å gå til anskaffing av ei slik løysing. Ei slik robotløysing blir ofte omtala som ei plattform for automatisering av prosessar. For kommunen betyr det at ein kan nytte den same plattforma til å automatisere andre prosessar, og det er difor naturleg å tru at overføringsverdien vil vere stor med høgt gevinstpotensiale i alle sektorar. For å få på plass plattforma og få automatisert prosessen for aktivitets-/gåvekort vil det vere naudsynt å setje av midlar til anskaffing, prosessanalyse og konfigurasjon av roboten, og ein årleg kostnad for lisens. Ein kjem attende med ei eiga sak om dette.

Det må arbeidast overfor lokalt kultur- og næringsliv med å innhenting av tilbod, kommunikasjonsrutinar, samhandling mv. knytt til ordninga. Dette vi krevje tilrettelegging og oppfølging frå kommunen, då det må finnast fram aktuelle kultur- og aktivitetstilbod, og avtalast prisar. Det kan difor vere aktuelt å berre tilby eit gåvekort på sykkel/utstyr i oppstartsfasen då dette vil vere enklare å setje i verk, sjølv om det også her må det inngåast avtalar og avtalast prisar med lokalt næringsliv. Når ein har fått etablert ordning med eit digitalt aktivitetskort og innhald i dette, vil aktivitetskortet kunne implementerast i ordninga.

I piloten bør ordninga gjelde studentar som har flytta til Volda i løpet av dei 2 siste åra, i tillegg til nye studentar som kjem til Volda for å studere ved HVO. Slik vil vi i pilotperioden kunne erfare om aktivitets-/gåvekortet faktisk verkar som eit insentiv for å melde flytting, i tillegg til å teste ut bruken og forvaltninga av ordninga.

Alt dette tilseier at det bør leggjast opp til ein innfasing, der studieåret 2020/2021 nyttast til planlegging, utforming og utprøving av ordninga i ein pilot, med sikte på marknadsføring i større skala frå semesterstart hausten 2021. Forventa kostnader og inntekter må innarbeidast i budsjett og økonomiplan for at tiltaket skal kunne gjennomførast.

Vurdering og konklusjon:

I denne saka vert innføring av insentivordning vurdert for å få fleire studentar til å melde flytting til Volda. I samfunnsdelen av kommuneplanen vil kommunen leggje til rette for positiv befolkningsvekst. Volda har positiv folketalsutvikling, og det er viktig at denne veksten skal halde fram. Både i fylket og kommunen er det stor utflytting blant unge og unge vaksne, særleg i alderen 20–29 år. Det er ei utfordring å få unge som flyttar ut til å kome tilbake etter ferdig utdanning. Volda har eit fortrinn som studiebygd ved at det er busett mange studentar i kommunen. Om fleire studentar melder flytting til Volda aukar innbyggjartalet og med dette rammetilskota frå staten. Det er også eit mål i samfunnsdelen av kommuneplanen å få fleire studentar til å bli verande i Volda etter studietida. Om innføring av insentivordning fører til at fleire studentar melder flytting til Volda og vel å bli buande i Volda etter studietida som yrkesaktive, vil det kunne gje auka skatteinntekter til kommunen. Relevant jobb, tilgang på bustad, fysisk og sosialt

nærmiljø og tilhørsløse, er faktorar som spelar inn når ein skal velje etableringsstad. Auka folketal vil også kunne påverke og stimulere til næringsutvikling og verdiskaping.

Ei slik ordning har også negative konsekvensar. Dei kommunane som har høgskular eller universitet vil tappe andre kommunar for innbyggjarar, noko som reduserer desse kommunane sine rammetilskot. Dersom dei store studiestadene i Oslo, Bergen og Trondheim tek i bruk slike ordningar vil Volda kunne tape på det, fordi det kan vere fleire frå Volda som studerer på desse stadene enn studentar som melder flytting til Volda. Slik sett kan ordninga vere uheldig. Kommunedirektøren er kjend med at Bergen vil innføre insentivordning frå 2020. Ein er ikkje kjend med at Oslo og Trondheim planlegg tilsvarande ordningar. På ei anna sida blir Volda tvinga til å innføre ei slik ordning for å kompensere for tapet av inntekter når Bergen som stor studiekommune tek i bruk slik ordning frå 2020.

Administrasjonen har drøfta saka med HVO og Studentparlamentet, som er positive til at kommunen innfører ei slik ordning, og til samarbeid om utvikling av ordninga og gjere denne kjend. Tiltaket vil kunne gje studentane eit positivt bidrag til eigen studentøkonomi, samtidig som det kan styrke det økonomiske handlingsrommet til kommunen, som også vil kome studentane til gode.

Kommunedirektøren foreslår at eit aktivitetskort eller eit gåvekort på kjøp av sykkel/utstyr i lokalt kultur- og næringsliv i Volda, vert nytta som eit «eingongsgode» til studentar som er folkeregistrert i Volda. Vilkåra for ordninga er at studentane studerer ved HVO, er heiltidsstudentar som har betalt semesteravgift og som i tillegg er folkeregistrert i Volda. Kommunedirektøren føreslår at aktivitets-/gåvekortet finansierast med kr 5 000 per stk. Det er positivt at innføring av eit digitalt aktivitetskort for studentar på sikt kan vidareutviklast til å brukast av andre grupper.

Kommunedirektøren vil rå til at ordninga blir avgrensa til å gjelde studentar som kjem frå andre kommunar i Noreg, utanfor Sunnmøre. I tillegg til å få fleire studentar til å folkeregistrere seg i Volda, vil tiltaket kunne skape positive ringverknader for lokalt kultur- og næringsliv ved at publikumsrekrutteringa og lokal handel stimulerast. Etableringa av ei insentivordning som er relevant for studentar, vil kunne vere eit steg på vegen mot dette og kunne stimulere til auka bulyst. Tiltaket vil også ha positive verknader for studentvelferden. Det vil stimulere til aktivitet og bidra til å gje studentar oppleving av å delta i kulturelle og andre samanhengar i fellesskap med andre innbyggjarar i Volda. Slik kan tiltaket bidra til fellesskap, gode opplevingar og kulturelt engasjement blant studentane, og ha ein positiv verknad på trivsel og psykisk helse.

Attraktiviteten til ein stad kan koplast til staden sin evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden, og er avhengig av faktorar som m.a. gode offentlege tenester, kultur og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels- og sørvistilbod. Vidare støttar det opp om faktorar og aktivitetar som styrkar utviklinga av god folkehelse. Høgskulen og studentmiljøet bidreg mykje i kulturlivet, mellom anna ved å arrangere fleire store festivalar. Eit aktivitetskort vil kunne bidra til fleire besøkande på ulike kultur- og aktivitetstilbod i kommunen. Eit gåvekort på sykkel/utstyr vil kunne bidra til at færre studentar nyttar bil og er avhengig av

parkering på sprengde parkeringsareal ved campus.

Eit slik tiltak bygger opp under samfunnsdelen i kommuneplanen sine ambisjonar om å få fleire studentar til å bli verande i Volda etter studietida, og støttar opp under visjonen om at Volda skal være en attraktiv kommune å busette seg i. Tiltaket vil også kunne gje positive tilleggseffektar for miljø og folkehelsa. Ordninga er forventa å stimulere fleire studentar til å melde flytting til Volda i studietida.

I denne saka er det gjort utrekningar som viser at dersom 500 studentar søker og er kvalifisert til å få aktivitets- eller gåvekort à kr 5 000, blir samla kostnad for kommunen kr 2,5 mill. i 2020. Dette finansierast påfølgjande år gjennom auka rammeoverføringar frå staten. Estimerte auke i inntekter kjem fram av tabell 1 under. Administrasjonskostnader til planlegging, utforming og utprøving av ordninga løysast gjennom dei eksisterande stillingar i administrasjonen. Iverksetting i 2020 føreset at tiltaket finansierast i inneverande og komande budsjett- og økonomiplanar.

Samla sett vil kommunedirektøren tilrå utprøving av insentivordning med aktivitets- og gåvekort på sykkel/utstyr vert etablert for studentar som melder flytting til Volda.

Kommunedirektøren bør gjevast fullmakt til å etablere og setje i verk ordninga i tråd med kommunestyret sitt vedtak, og gjere naudsynte avklaringar, justeringar og presiseringar for å få ordninga til å verke i tråd med intensjonen. Det skal utarbeidast retningsliner for ordninga.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ingen spesielle.

Konsekvensar for folkehelsa:

Tiltaka med aktivitets-/gåvekort vil fremje god folkehelse ved at dei stimulerer til aktivitet, fellesskap, gode opplevingar og kulturelt engasjement blant studentane, og med det ha ein positiv helsemessig gevinst og verknad på trivsel og psykisk helse.

Miljøkonsekvensar:

Auka bruk av sykkel vil fremje god folkehelse, gje klimaeffektar og bidra til å redusere behovet for parkeringsplassar til bil ved campus.

Økonomiske konsekvensar:

Det er komplisert å vurdere både inntektssida og utgiftssida i saka, grunna usikkerheit om tal studentar som vil melde flytting til Volda som følgje av innføring av ei insentivordning. Auka inntekter vil kome som ein del av rammeoverføringane frå staten, og lar seg vanskeleg måle eksplisitt. Inntekspotensialet må bereknast med ei rekke teoretiske føresetnader og bidreg derfor til ein vesentleg grad av usikkerheit. Inntektsveksten kjem også først året etter at nye innbyggjarar flytter til kommunen.

Insentivordninga vil ha ein kostnad knytt til insentivet og administrasjon av ordninga. Volda har om lag 4 500 studentar. Alle desse vil ikkje vere folkeregistrert i Volda, sjølv med bruk av insentiv. Tal frå HVO viser at 1 400 studentar er i målgruppe om Volda vel Sunnmøre som avgrensing for ordninga. Om ein tek utgangspunkt i at 1 200 av 1 400 ikkje er folkeregistrert i Volda per i dag, og at 500 av 1 200 vel å melde flytting til Volda som følgje av ordninga, vil kostnaden for kommunen det første året vere kr 2,5 mill. (kr 500 per aktivitets-/gåvekort à kr 5 000). Sidan tiltaket er eit eingangsgode vil kostnaden dei påfølgjande åra vere lågare, sidan det i hovudsak vil vere nye studentar som nyter godt av ordninga. Det må i tillegg påreknast kostnader til administrasjon for å finne fram til tilbod, avtale prisar, marknadsføre ordninga, handsame søknader, utarbeide retningslinjer mv. Utgiftene finansierast av auka inntekter som følgje av at fleire studentar melder flytting til Volda.

Kommunenens Sentralforbund (KS) sin prognosemodell for skatt og rammetilskot er nytta for å berekne verknader for inntekter ved innføring av insentivordning i Volda. I denne saka er det estimert at 500 studentar vil melde flytting som følgje av innføring av ordninga. Dersom 500 studentar melder flytting før 01.01, vil det føre til auke i frie inntekter frå 2021 og i åra framover:

Tabell 1: Økonomiske konsekvensar ved at 500 studentar melder flytting til Volda kommune i 2020, og talet er stabilt i perioden 2021-2024.

År	2020	2021	2022	2023	2024
Innbyggjartilskot	261 621	260 666	274 774	274 656	274 537
Utgiftsutjamning	17 261	16 944	4 500	4 500	4 500
Inntektsutjamning	53 884	57 205	57 205	57 205	57 205
Veksttilskot	-	-	2 866	3 168	2 762
Sum	332 766	334 815	339 345	339 529	339 004
Endring frå 2020		2 049	6 579	6 762	6 238
KOSTNAD (Insentiv à kr 5 000)	2500	800	800	800	800

Som tabellen viser ser vi at kommunen vil få veksttilskot frå og med 2022, dersom 500 studentar melder flytting til Volda, og talet er stabilt i åra framover.

Veksttilskotet vil kome i tre år, til og med 2024. Elles ser vi at innbyggjartilskotet vårt aukar frå 2022, vi får ein reduksjon i utgiftsutjamninga og ein vekst i inntektsutjamninga. Veksten gjennom inntektsutjamninga kjem av at vi no har fleire innbyggjarar å dele skatteinntekta på. Dette gjer at vi går ned i prosent av landsgjennomsnittet og vert dermed kompensert meir.

Vi gjer merksam på at dette er tal basert på revidert nasjonalbudsjett 2020, og at satsar kan endrast.

Iverksetting kan skje i løpet av studieåret 2020/2021, men føreset at ein finn finansiering til gjennomføring av tiltaket i 2020. Kostnaden om vi får 500 studentar til å melde flytting vil vere kr 2,5 mill.

Auka innbyggjartilskot

Kommunane får gjennom innbyggjartilskotet tilført kr 25 083 i 2020 for kvar ny innbyggjar uavhengig av alder. Kommunar som tilbyr ulike tenester til studentane, ønskjer desse inntektene for å finansiere det kommunale tenestetilbodet. Ei auke i

innbyggjartalet på 500 personar gir om lag kr 13,1 mill. i auka innbyggjartilskot i 2023.

Utgiftsutjamninga

Omfordelar midlar mellom kommunar ut frå utgiftsbehov. Det er ingen direkte studentkriterier i inntektssystemet. Studentane fangast opp gjennom demografiske variablar som innbyggjarar 19-22 år og innbyggjarar 23-66 år. Med 500 nye folkeregistrerte studentar i Volda vil trekket i utgiftsutjamninga auka med om lag kr 12,7 mill. Dette gir tilsvarande reduserte inntekter for kommunen.

Utgiftsutjamninga inneber at det blir gjeve full kompensasjon for avvik frå gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov. Viss kommunen har eit høgare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (tungdriven kommune), blir det justert for dette gjennom eit tillegg i innbyggjartilskotet til kommunen. Alternativt får ein kommune med lågare berekna utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (lett driven kommune) eit trekk i innbyggjartilskotet. Volda vil difor få eit høgare innbyggjartilskot enn landsgjennomsnittet.

Veksttilskot

Blir gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg folkevekst over vekstgrensa dei siste tre åra og som har skatteinntekter på under 140 prosent av gjennomsnittet i landet. Kommunar med særleg høg folkevekst utover vekstgrensa på 1,4% får eit veksttilskot på kr 59 616 per nye innbyggjar frå 2021. Veksttilskotet skal gje kommunane høve til å tilpasse tenestetilbodet til ei veksande befolkning. Volda får eit veksttilskot på kr 8,8 mill. fordelt over 3 år, i perioden 2022-2024.

Inntektsutjamninga

Er ein mekanisme i inntektssystemet som omfordelar midlar mellom skattesterke- og skattesvake kommunar. I dag ligg Volda på 78 % av landsgjennomsnittet. Ved ei auke i innbyggjartalet vert samla skatteinntekt redusert.

Auka skatteinngang

For studentar med inntekt over det nivået som gir skatt (kr 55 000 per år), men under det nivået som gir trekk i stipendet (kr 182 575 per år i 2019), blir uansett verknaden på skatteinngangen i kommunen marginal, og sjåast bort frå i berekningane i denne saka. Det er forventa at dei fleste studentane har inntekt under det nivået som gir trekk i stipendet.

Verknadstidspunkt

Innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga bereknast med utgangspunkt i folketalet per 01.07. året før. Inntektsutjamninga baserer seg på folketalet per 01.01. i det aktuelle året. Dvs. at studentar som melder flytting til Volda til og med desember eitt år vil påverke inntektsutjamninga det neste året, medan utslaget i innbyggjartilskotet og utgiftsutjamninga først skjer året etter det igjen. Auka befolkningsvekst eitt år gir veksttilskot året etter.

Usikkerheit

Ordninga er basert på ein del føresetnader, og det vil derfor rå ei viss usikkerheit

kva effekten vert i praksis. Saka gjer greie for verknaden i inntektssystemet basert på dei føresetnadene som vert lagt til grunn. Veksttilskotet er som nemnt avgrensa til 3 år. Det vil vere usikkerheit knytt også til ev. mottiltak frå studentane sine noverande bukommunar. Vidare skal inntektssystemet gjennomgåast, og det kan også skje at føresetnadene vert endra dersom hyttekommunar og studiekommunar vert ivareteke gjennom endringar i inntektssystemet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjende beredskapsmessige konsekvensar.

Konsekvensar for barn og unge:

Ingen kjende konsekvensar for barn og unge.

Utskrift av endeleg vedtak:

Høgskulen i Volda; postmottak@hivolda.no

Studentparlamentet i Volda; studentparlamentet@hivolda.no

Rune Sjurgard
kommunedirektør